

## Beskjedar:

Vi har hatt ei fin veke der vi mellom anna har laga ballongbilar. Det vart mange gode bilar og nokre som ikkje gjekk like bra. Elevane våre fekk kjenne på ulike kjensler, men var gode på å unne andre sigeren i den store finalen.

Vi var også på ein fin forestilling om Astrid Lindgren sine karakterar. Elevane storkoste seg!

Vi har begynt å kartlegge leseferdighetene til elevane våre. Vi bruker ein test som heiter ORF. Med denne testen får vi ein peikepinn på korleis utviklinga til elevane våre er, slik at vi kan justere og setje inn tiltak der det trengs.

Minner om klasseforeldremøtet i samarbeid med FAU: Tysdag 18. mars kl. 17.30 - 19.00 på klasseromma.

**Ha ei fin veke, helsing 2. trinn.**

## Øveord veke

**11**

kompass

dyrespor

kart

*Ny veke og nye ord. Alle skal øve på å skrive og forme orda riktig. Vi kjem til å ha ein diktat der elevane skal bruka orda i ei meiningsfull setning. Vi øver spesielt på riktig høgd på bokstavane. Vi ser at fleire treng å øva på å skriva bokstavane riktig. Dei aller fleste små bokstavane, startar ein på oppe. Fint om de hjelper heime. Når det er få ord å øva på er meiningsførst å fremst å skriva bokstavar og ord riktig i tillegg til å automatisera orda.*

Dette jobbar vi med denne veka:

<b>NORSK</b>	<b>Ut på tur</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg bruker biblioteket for å finne bøker eg kan lese i for å auke lesekondisen.</li> <li>• Eg øver vidare på ei funksjonell handskrift.</li> <li>• Eg veit kva ei funksjonell handskrift er.</li> <li>• Eg er nøyne på kor eg startar når eg skal skrive bokstavane.</li> </ul>
<b>MATTE</b>	<b>Rekning til 100</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg kan telje til 100</li> <li>• Eg kan dele mengder i tiarar og einarar</li> <li>• Eg kan samanlikne ulike mengder</li> <li>• Eg øver på å hoppe med ulike talfølgjer på tallinje</li> </ul>
<b>SOSIALT</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg øver med på å setje ord på ulike kjensler.</li> <li>• Eg støttar vene når dei treng meg.</li> <li>• Eg held orden rundt meg i klasserommet og i garderoben.</li> </ul>

	<b>Til tysdag</b>	<b>Til onsdag</b>	<b>Til torsdag</b>	<b>Til fredag</b>
<b>NORSK</b>	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 40 og 41.  Svar på spørsmålet på s. 41 i den grøne skriveboka di.	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 40 og 41. Øv på å lese med flyt. Repetert lesing hjelper med å få til flyt. Øv godt!	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 44 og 45.	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 45 og 45. Øv på å lese med flyt. Repetert lesing hjelper med å få til flyt. Øv godt!  Skriv øveorda i finskriftboka di. Du skal skrive eit ord fleire gonger på same linje. Nytt ord, ny linje.
<b>MATTE</b>			Gjer s. 81 og 82 i Multi øvebok.	
<b>Hugs:</b>			<b>Levere inn meldemappe og leksebøker.</b>	<b>Hugs gymsko og symjetøy.</b>